

**Arkiv:** <arkivID><jplID> FA-U01  
**JournalpostID:**  
**Saksbehandlar:**  
**Dato:** 03.11.2020

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
074/20	Utval for næringsutvikling og drift	11.11.2020

## Søknad til Næringsfondet 2020. - Alver Optikk AS - Tilskot til utstyr ved oppstart av ny verksemd

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet «Tilskot til utstyr ved oppstart av ny verksemd» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

### Utval for næringsutvikling og drift 11.11.2020:

#### Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes rådmnnen sitt framlegg til vedtak.

### ND- 074/20 Vedtak:

Prosjektet «Tilskot til utstyr ved oppstart av ny verksemd» blir tildelt kr 50 000 frå Næringsfondet 2020 etter vilkår i saksframlegget.

### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for næringsutvikling og drift

### Bakgrunn

Føretaket er eit Aksjeselskap. Registrert 01.06.2020. Bransje: Andre helsetenester. Kjelde: proff.no.

### Saksopplysninger:

#### Om prosjektet

Søkjjar opplyser at dei nyleg har starta optisk butikk i Knarvik og har investert i butikklokale, klinisk utstyr og varelager. Heile prosjektet er sjølvfinansiert gjennom eigenkapital, lån og leasing. Ein del av verksemda er kundar som vil fornye førarkort der synet sjekkast ved hjelp av «Esterman perimetri» etter førarkortforskrifta.

#### Prosjektleveranse/Målsetting

Søkjjar har kjøpt inn ei maskin som varetar «Esterman perimetri». Ei slik maskin er også til stor hjelp for å avdekke annan alvorleg sjukdom, t.d. glaukom, hjerneslag og hjernesvulst og ein trur det er eit viktig bidrag til fastlegar og øyelege i Alver kommune.

Den nyetablerte butikken ynskjer støtte til maskininnkjøpet.

### Prosjektøkonomi

Prosjektnamn	Pr. kostnad	Søknadssum	Framlegg
Søknad om tilskot til utstyr ved oppstart av ny verksemd	2 370 000	130 000	50 000

### Vurdering

Vurderinga tar utgangspunkt i Fondsvedtektene for Næringsfondet.

- Prosjektet viser vekst og arbeidsplassutvikling i Alver jf. NF vedt. pkt.1 og pkt.2.1.
- prosjektet viser omstilling og nyskaping jf. NF vedt. pkt.2.3.
- Søknaden gjeld i hovudsak nytt utstyr jf. NF vedt. pkt.4.2.

Etter ei samla vurdering ligg ein større del av det omsøkte prosjektet innanfor Næringsfondet sine kriteriar, enn det som er utanfor. Søknaden kan innvilgast på følgjande vilkår:

- Dokumentasjon på innkjøpt utstyr må vere lagt fram før utbetaling.

### **Vedlegg i saka:**

03.11.2020	Alver Optikk_Soknad_vedlegg_27sep 2020	1468706
03.11.2020	Alver Optikk_Soknad_27sep 2020	1468710